

ÅRSMØTE I HORDALAND SOGELAG 2009

Protokoll frå årsmøte i Hordaland sogelag 2009.
Møtet vart halde på "Eldhus AS", Evanger kl.9.30.

Deltakarar:

Frå styret: Else Marie Kind Hevrøy, Mikal Heldal, Jarleiv Haugland, Sigrid Kaale, Åse Eikemo Strømme, Øivind Teigen, Einride Aakra.

Frå lokallaga: Jan Økland (Tysnes sogelag), Bjørg Dæmring Berge (Vaksdal historielag), Magne Fykse, Øyvind Neteland (Kvam sogelag – og kulturminnelag), Lennart Fjell (Fjell kulturminnelag), Solveig Lunde, Karsten Lunde, Dorthea Moe Aakra (Etne sogelag), Ivar Husdal (Vossastrand sogelag), Knut Farestveit, Bjarne Hjelle (Voss sogelag), Grethe Finsrud Agerlie, Arvid Herfindal, Kåre Olav Alvdal (Vassvøri sogelag), Torbjørn Dall-Larsen (Askøy Museumslag).

Tilsaman 22 frammøtte.

Sak 1:

Konstituering, val av møteleiar og referent

Else Marie Kind Hevrøy vart vald til møteleiar. Sigrid Kaale vart vald til skrivar.

Sak 2:

Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 3:

Årsmelding 2008

Else Marie Kind Hevrøy las opp årsmeldinga.

Hordaland sogelag har 35 medlemslag. Det er same talet som sist år, men Askøy kulturvern og historielag har meldt seg inn som nytt medlem og Kvam sogelag og Kvam kulturminnelag har gått saman til eit lag (Kvam sogelag – og kulturminnelag).

Styret har hatt 6 styremøte i meldingsåret og handsama 44 saker.

Turen til Isle of Man hadde 32 deltakarar, og var ein svært vellukka tur.

Det skal gjevast ut eit minneskrift om Johannes Heggland til sommaren, Hordaland sogelag har gjennom lokalhistoriske dagar, støtta opp om prosjektet.

Skottehandelprosjektet er stadig under ardeid og målet er å få til to utstillingar over treprodukt som vart selde vestover og varer som vart førde hit til landet.

Ei gruppe på åtte medlemer arbeider med temahefte. Målet er å samla ulike artiklar som er utgjevne om dei ulike tema i eit hefte t.d. brudlaupsskikkar, gravferdsskikkar osv.

Styret har sendt ut medlemsbrev til lokallaga vedlagt referat frå Lokalhistoriske dagar og årsmøtet i Etne 8. - 9.mars 2008 og julebrev i november.

Hordaland sogelag er medlem i Landslaget for Lokalhistorie (LLH) og i Hordaland folkeakademi.

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

Sak 4:

Rekneskap 2008

Øivind Teigen la fram rekneskapen. Laget hadde eit overskot på kr. 2686,00 i 2008. Kapital pr. 31.12.2008 kr. 157.179,55.

På kontoen som Hordaland sogelag disponerer i Sparebank Hardanger mrk. "Skottehandelen" er det pr. 31.12.2008 kr. 46.528,82.

Sak 5:

Handlingsplan/langtidsplan 2009 – 2011

Else Mare Kind Hevrøy gjekk gjennom overordna mål og delmål.

Ein vil prøva få til at kvart medlem i styret har spesielt ansvar for kvar sine lokallag (fadderordning).

Sak6:

Fastsetjing av medlemspengar

Framlegg: Frå 2010 vert medlemspengane kr. 300 for lag med under hundre medlemmer og kr. 400 for lag med over hundre medlemmer. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 7:

Budsjett 2009

Framlegg til budsjett 2009 på kr. 49 500 vart framlagt av Øivind Teigen og godkjent.

Sak 8: Val

Valnemnd: Øyvind Neteland, Leiv Mæhle.

Øyvind Neteland leia valet.

Dei som stod på val for 2009 var: Else Marie Kind Hevrøy(Fjell kulturminnelag), Mikal Heldal (Tysnes sogelag), Øivind Teigen(Vassvøri sogelag) og varamedlemene Åse Eikemo Strømme (Vaksdal historielag) og Einride Aakra (Etne sogelag).

Desse var ikkje på val: Jarleiv Haugland (Lindås sogelag), Sigrid Kaale (Kvam soge – og kulturminnelag).

Revisorar: Leif Flesland (Fana sogelag) og Marta Rykkje (Kvam soge – og kulturminnelag).

Øivind Teigen hadde sagt frå at han ikkje ynskte attval.

Valnemnda sitt framlegg til nytt styre;

Leiar:	Else Marie Kind Hevrøy	attval	1 år
Styre medl.	Mikal Heldal	attval	2 år
	Einride Aakra		2 år
Varamedl.	Åse Eikemo Strømme	attval	1 år
	Guro Dagestad (Voss sogelag)	ny	1 år

Revisorar: Leif Flesland attval Marta Rykkje attval

Leiar, varamedlemer og revisorar vert valde for eit år. Styremedlemene vert valde for to år.

Alle vala vart gjort med akklamasjon.

Valnemnd: Leiv Mæhle (valt for 3 år i 2007), Dorthea Moe Aakra (valt for 2 år i 2009), Øivind Teigen (valt for 3 år i 2009).

Sak 7: Eventuelt innkomne saker

Mikal Heldal orienterte om den oppgåva Hordaland sogelag har. Laget fungerer som ein samordnar for lokallaga. Dei viktigaste oppdraga er Dei kulturhistoriske dagane og Sogeturane i vesterveg.

Det har mykje å seia at informasjon kjem ut til lokallaga. Ein må vera flinke til å bruka lokalpressa. Etterkvart vil Heimesida til laget også verta meir nytta.

Prosjektet om Skottehandelen er stadig under arbeid. Har gode kontaktar, men ein slit med å få nok midlar.

Nemda som arbeider med Temahefte har tilgang til mange interessante artiklar i ulike årbøker. Målet er å samla stoff som gjeld same emne (t.d. Fiske og fangst, gamle skikkar osv.) slik at det vert lettare å finna fram. Artiklane må behalda identiteten sin. Det ligg mykje arbeid i dette, og det bør ein dugnad til av personar som er interesserte.

Minneskriftet om Johannes Heggland kjem ut i år, og der vert det fleire artiklar om Gildeskipnaden.

Fykse, 31.mars2009

Sigrd Kaale
-skrivar-

Protokollen går til fylgjande:

Ebbesvika, Else Marie Kind Hevrøy (leiar)
5350 Brattholmen, tlf. 56 33 11 16 (p) mobil 906 28 722 Ebbesvika,
e-post: elsemarie@c2i.net

Sigrd Kaale, Bjørkevn. 19, 5712 Steinstø (skrivar)
Tlf. 56 55 79 42 (p) mobil 971 51 062 e-post: sigrdkaale@hotmail.com

Mikal Heldal, Bøneslien 8 B, 5155 Bønes (nestleiar)
Tlf. 55 12 07 57 (p) mobil 480 96 673 e-post: Mikal.Heldal@bio.uib.no

Øivind Teigen, Bjørgåsvegen 125, 5707 Evanger (kasserar)
Tlf. 56 52 16 65 (p) mobil 413 11 665 e-post: oivind.teigen@hjemme.no
e-post: oivind.teigen@voss.kommune.no

Jarleiv Haugland, 5912 Seim (styremedlem)

Tlf. 56 34 18 19 (p) mobil 958 35 430 e-post: JAHA@StatoilHydro.com

Einride Åkra, Moe, 5590 Etne e-post: sjur.aakra@c2i.net

Varamedlemar:

Åse Eikemo Strømme, Lågaskaret 22, 5724 Stanghelle.

Tlf. 56 59 50 52 (pr.)55 30 60 93 (a.) mobil. 928 41 359 e-post: aase.stroemme@ikah.no

Guro Dagestad, Vikjav.660, 5700 Voss.